Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.
Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.
Herad: Grong.

Emne: Brynet.
Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerkem
Gard: Bjerkem.

(adresse): Gjeleim
G.nr. 2 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg er 78 år gardbrukar på Bjerkem i Grong.

SVAR

Brynet vart kalla hein her i byggda men det er fleire slags hein. Det er „florhein" som vart brukt til ljåen. Florheina er ein naturstein passeleg laus og finkorna så den kvesser ljåen godt. Gammelkarane brukte mykje godt ein trekopp på beltreima med vatn i så heina var blaut til kvar tid. Denne koppen kalla dei heinkoppen og han vart boren på baken. Men det var mest alminnelig å spytta på heina då det skaffa minder bry enn å ha denne koppen med seg. Til ljåen vart også brukt det dei kalla „sandstikk" som var heimegjort av slipsand blanda med „gårkå" som fins på granten og ein slags harpiks og dette koka dei ihop til det vart ein fast masse. Så gjorde dei eit handtak av tre omlag slik  der det var uthala i midten og dette avlangs holet vart fyldt med den nemnde massen som enn den var lagleg ihopkoka vart til ei passeleg hard hein. Desse sandstikkor hadde ord for å vera svært dugande som ljåhein. Det vart alltid brukta langoro

her i bygda. Når ljåen skulde heinast etter ein ørret på enden og so strauk ein eggja med heina vekslande på kvar sida etter å ha spytta på heina so ho var godt blaut. Når ein slipa ljåen vart han teken ut av orvet. Han vart slipa for kvart „manns-ålt". Ein heldt alltid eggja mot seg når ein slipa. Nokon annan slags slipestein enn rund slipestein veit ein ikkje brukt her. Å kvessa ljåen og sigd med å hamra dei er ukjend her. Å ta slipesteinen med seg ut i teigane vart ikkje brukt anna enn der dei hadde slåtteteigar langt frå garden eller der dei slog i fjellet.

Når det gjeld eggjarn som knivar øksar, høvelstenger, tappjarn o.l. vart det brukt nævestein eller blåstein. Desse heinane var naturstein som mykje finare enn flat-heina. Nævesteina skulde finnast i ei elv i Norge men kor ho er kjenner ein ikkje. Alle desse heinane har ein å få hos handelsmennene. Heiner som karborundum og andre heiner av kunststein er ikkje ett gamle i bygdi og vart brukt som ein mellomting millom slipestein og finare heinar då dei er for grove til å gjeva ei fin og god egg. Å kvessa slåmaskinknivar med er dei gløype men eller trur eg ikkje at dei vart brukt til ljåar. Dei vart brukt både tørre og med vatn.

Dei kvast mange eggjarna vart alltid slipa på rund slipestein.

Å svarta frå heina vart brukt som middel mot sjukdommar kan



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eg ikkje minnast å ha höyrd. Heller ikkje at kuna betrast ved å liggja i myrmaurtuva eller i jorda.

Nakkor segn um at kuna kunde tala hev aldrig vore for öyro mine. Av eventyr og segner trur eg å ha funne at vi her i dei indre bygdene i Namdalen ligg atanum sindlegare landslutar kva grunnen kan vera.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 209
BYGDØY